

Raudspette



Foto: Ingunn E. Bakkevig

I NORDSJØEN/SKAGERRAK

Raudspette – *Pleuronectes platessa* – Plaice

Familie: Pleuronectidae (flyndrefamilien)

Andre namn: Flyndre

Maks storleik: 70 cm og 3,5 kg

Levetid: Meir enn 20 år

Leveområde: Nordsjøen og Skagerrak

Gyteområde: Sentrale og sørlege Nordsjøen

Gytetidspunkt: Desember–juni

Føde: Botndyr

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2017 (totalfangst): 147 286 tonn

TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2017:

129 917 / 9 094 tonn (Nordsjøen)

17 286 / 353 tonn (Skagerrak)

TOTAL / NORSK FANGST 2015: 134 460 / 238 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2015: 2,8 mill. kroner

Status og råd


ICES vurderer bestanden til å vere i god forfatning og berekraftig hausta. Bestanden er godt innanfor føre-var-grensene og har auka dei siste åra til eit rekordhøgt nivå. Fiskedøyringsraten har vore rundt nivået for høgt langtidsutbytte dei siste åra. Rekrutteringa har vore om lag som langtidsmiddelet sidan midten av 1990-talet.

Rådet er no for Nordsjøen og Skagerrak kombinert og er basert på kvotar i 2016 (unntatt TAC-justering) for begge områda og ikkje på eit ICES-råd. Justering av TAC (total fangstkvote) er 1,2 % i Nordsjøen og 2,7 % i Skagerrak for å ta omsyn til forplikta EU-landing.

EU disponerer 93 % og Noreg 7 % av totalkvoten i Nordsjøen, og i Skagerrak disponerer EU 98 % og Noreg 2 %. I 2017 er totalkvoten i Nordsjøen og Skagerrak 147 286 tonn, og av dette går 9 447 tonn til Noreg.

Fiskeri

Raudspette vert mest fiska med bomtrål i sørlege- og sentrale delar av Nordsjøen og i eit blandingsfiskeri med botntrål i dei sørlege delane av Nordsjøen der målarten er tunge. Det føregår eit omfattande utkast av undermåls raudspette.




Fakta om bestanden:

Raudspette finst i det austlege Atlanterhavet frå Barentshavet i nord og sørøver til Middelhavet og kysten av Afrika. Arten er delt i ei rekkje bestandar, og bestanden i Nordsjøen er den klart største. Raudspetta finst ned til om lag 200 meter, og kan bli opptil 1 meter og 7 kilo, men er sjeldan så stor.

Gytefelta for nordsjødelen av bestanden er i dei sentrale og sørlege delane av Nordsjøen. Det går føre seg ei vandring mellom desse gyteområda og leveområda lenger nord i Nordsjøen, og noko av denne vandrainga skjer pelagisk. Gyteperioden er frå desember til slutten av mars i sør og frå januar til slutten av april i nord. Hovudgytetida er i januar–februar i sør og februar–mars nord i Nordsjøen. Larvedrifta er varierende med vør og vind, og frå første leveåret finst larvane på grunne (0–3 meter) sanddyner, medan raudspetta seinare i livet held seg djupare og vandrar lite. Ein stor del av den umodne raudspetta i Skagerrak stammar frå gytefelta i Nordsjøen. Skagerrakbestanden viser større vandraing enn den delen som lever i Nordsjøen, og også ein del av den vaksne bestanden vandrar austover mot nordre Kattegat.

Vaksen fisk et børstemakk, skjel, manetar, krepsdyr, pigghudingar og små fisk.



Bestand og fangst (inkludert utkast) av raudspette i Nordsjøen/Skagerrak.
Stock size and catch (including discards) of plaice in the North Sea and Skagerrak.